



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad		22/102

Saksnr	Utval	Type	Dato
018/22	Formannskapet	PS	24.02.2022

Tilsetjing kommunedirektør - vidare arbeid

Saksutgreiing:

1. Vurdering om lukka møte

Det partssamansette utval som har gjennomført intervju med fem kandidatar. Dette møtet der dei skal vurdere og rangere søkjarar, inneheld deling og framlegging av fleire personlege opplysningar og vurderingar. Møtet vert derfor lukka etter Offentlighetslova § 13.

Saksopplysningar

2. Vidare arbeid etter intervju

Det partssamsette utvalet har hatt fem kandidatar inne til intervju. I den første drøftinga etter intervju, diskuterte utvalet kven som eventuelt går vidare.

3 kandidatar vart særskilt trekte fram. Desse tre vart ikkje endeleg rangert. Ordførar fekk i ansvar å hente inn referansar. Ein av kandidatane skulle sende namna på referansane over til ordføraren neste dag, onsdag 23.2.

Vurdering

Arbeid i dette møtet:

Ordførar gir tilbakemelding på dei referansane han har fått henta inn. Medlemmene i utvalet går gjennom desse, stiller spørsmål og gir sine vurderingar.

Målsetjinga i møtet vert å rangere dei tre kandidatane og lage ferdig innstilling til kommunestyret. Utvalet må og bestemme dato for møte i kommunestyre.

Folkehelse ingen

Miljø ingen

Økonomi vil bli vurdert i samband med lønstilbod.



Fedje kommune

Konklusjon

Søkarane vert rangert etter ei grundig drøfting

Forslag til vedtak:

Framlegg til vedtak om lukka møte:

Møtet vert lukka etter Offentlighetslov § 13.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka:

Rådmannen har ingen framlegg til vedtak om rangeringa.

Formannskapet - 018/22

F - behandling:

Ordførar fremma forslag om å lukke saka av personvernomsyn etter kommunelova § 11-5 3.ledd punkt a). Saka vart lukka med samrøystes vedtak.

F - vedtak:

Partssamansett utval har samla seg om ein kandidat til stilling som kommunedirektør i Fedje. Ordførar forhandlar vidare om vilkåra i tilsetjingsavtalen basert på diskusjonen i utvalet.